

HAMNEREGLEMENT

for

VIK BÅTFORENING

1: Alle båtar som ligg i båthamna skal ha ansvarsforsikring.

Eigar av kvar båt plass er ansvarleg for dette, ogso ved utlån av plassen.

Alle båtar skal vera registrerte og merka etter gjeldande foreskrifter.

2: Båtførar skal visa aktsemd i hamneområdet og gå med moderat fart.

Maks. fart inne i hamna er skilta ved innløpet.

3: Båtane skal vera forsvarleg fortøyde med strekkavlastningar på taua.

4: Maks. båtstr. i hamna er 36 fot ved bryggje A, B og C. For bryggje D er maks. str. 40 fot.

For gjestebåtar i sommarhalvåret er maks. str. 50 fot ved D-bryggja.

5: Båteigar pliktar å halde båt plassen i orden. Spillolje, batteri etc. er båteigar sitt ansvar å ta med seg frå hamna. Det er ikkje tillate å oppbevare slike ting i hamneområdet. Boss stativa på D-bryggja er kun for båtgjester.

6: Ved landsetjing av båtar for vinteropplag, skal det sikrast med tau mellom utriggarane.

Båtar som står på land skal vera forsvarleg sikra. Etter sjøsetjing skal opplagsplassen ryddast straks. Evt. pallar etc. skal fjernast frå hamneområdet.

Opplagsvogner og båthengarar skal lagrast på oppmerka område.

7: Båteigar pliktar å retta seg etter reglement for bruk av straum om bord i båt. Viser til forskrift av 1.januar 2002. «Forskrift om maritime elektriske anlegg». Oppslag om dette er å finna i hamneområdet.

8: Det er strengt forbode å pumpa ut/-sleppa ut olje eller oljeholdig vatn i hamnebassenget.

9: Hamnesjefen kan påtala feil eller manglar etter hamnereglementet. Dersom evt. feil ikkje vert retta innan pålagt frist kan hamnesjefen få feila utbetra på båteigars rekning.

10: Det skal vera ro i båthamna etter kl. 23.00.

11: Brot på hamnereglementet kan medføre bortvising frå hamna.

Styret i Vik Båtforening